

Runer frå utgravingane i Trondheim bygrunn 1971–94

Med eit tillegg av nyfunne innskrifter elles frå byen (N774–N894)
Av Jan Ragnar Hagland

(Manus til "Norges Innskrifter med de yngre Runer" (NlyR) bind 7)

KJØPMANNSGATA 20-26 (FOLKEBIBLIOTEKSTOMTA)

VIII. Eitt-teiknsinnskrifter

[**883**] N-93775.

På eit brotstykke av ein uthola gjenstand av tre, 120 x 10-33 x 8 mm, er det mellom to rader med utskoren ornamentikk ei mogleg rune (12 mm høg). Funnet vart gjort 1985 i felt FU, hovudfase 3. Det vil seia i ein funnkontekst som kan daterast til ein perioden som strekkjer seg frå slutten av 900-talet til midten av 1000-talet. Den moglege

runa har tydeleg dobbeltskoren stav og elles mange tynne riss frå og kring toppen. I dette kan det med atskillig tvil sjåast ein boge som i tilfelle må ha dekkja storparten av staven, liksom i føregåande N880.

þ(?)

þ(?)

Tvilen om det her verkeleg er tale om ei intendert rune eller ei, gjer det nokså nyttelaust å spekulera på ei eventuell meining med rissinga.